



Vedlegg til byggjesøkand C-5

Til

Lindås kommune

Gjenpart til:

Help forsikring AS

Vår ref

Deres ref

Dato

2013326-gnr123_bnr_96_kommentarer_nabomerknader.docx

30.06.2014

BYGGESØKNAD GNR 123 BNR 96 - RISA

SAR: NABOMERKNAD FRÅ ANNE LINN L.KROSSØY OG REIDAR KROSSØY (BNR 97)

Vi har motteke 2 brev frå Anne Linn L. Krossøy og Reidar Krossøy v/ Hjelp forsikring AS og kopi av ein epost som er sendt frå Redar Krossøy til Lindås kommune med merknad til byggjesaka. Vi ynskjer å knyta nokre kommentarar til punkta/påstandane som vert satt fram.

GENERELT

På vegne av tiltakshavar vil vi først beklage at det i denne saka ikkje er byggjesøkt i samsvar med krav i plan og bygningslova. Tiltakshavar ynskjer å rydde opp i feila som er gjort og har engasjert vårt firma til å hjelpe til. Vårt firma har ikkje tidlegare hatt noko med saka å gjera.

FRAMDRIFT VIDARE TILTAK

Vi har starta prosessen med å byggjemelda tiltaket.

- Nabovarsel er sendt ut og det er kome merknad frå ein nabo, eigarar av gnr 123 bnr 97.
- Byggjemeldinga vert sendt til kommunen i dag 30.juni 2014.

Årsaka til at det har hatt litt tid frå nabovarsel vart sendt til vi no sender byggjesøknaden, er knytt til at vi hadde behov for å samla litt fakta knytt til dei påstandane nabo har kome med.

For orden skyld har kommunen i brev av 12.06.2014satt ny frist til 31.08.2014 for å ordna opp i forholda.

PROBLEMSTILLINGAR OG PÅSTANDAR FRÅ NABO:

Vi har nedanfor tatt for oss breva og epost frå nabo og kome med våre merknadar.

1 Nabo påstår at tiltaket er veldig stort og ruvande.

Fakta om garasjen:

Garasjen er på ein etasje og har eit BYA på 72 m2. Av dette arealet er omlag 13.5 m2 bodareal. Heile garasjen er oppført innanfor tomten på bnr 96. Mot vest og ut mot friområdet er avstand til grense omlag 3 meter dvs 1 meter utanfor normal byggjegransa på sjølve tomten.



 <p>Garasje bnr 96</p>	 <p>Bnr 97</p>
<p>Garasje sett frå tilkomstveg. Garasjen har flatt tak .</p>	<p>Tilsvarande tiltak på naboeigedom - nabo som klagar. Garasje med overbygd garasje er bygd like langt fram.</p>

2 Nabo påstår at det vert drive mekanisk verkstad/ næringsverksemd i garasjen

Tiltakshavar kjenner seg ikkje igjen i beskrivelsen frå nabo knytt til næringsverksemd. Garasjen vert brukt til garasje og normalt vedlikehald av bilar - verken meir eller mindre. Tiltakshavar er utdanna bilmekanikar og utfører derfor kanskje noko meir vedlikehald enn kva andre gjer. Vi kan ikkje sjå at dette er ulovleg.

3 Nabo påstår at bnr 96 ikkje kan snu på eigen grunn pga garasjen.


Dette er faktafeil. Det er ikkje noko problem å snu på eigen grunn. Her bør eigar av bnr 97 feie for eiga dør. Det er på bnr 97 ein har bygd slik at det det ikkje er mogeleg å snu på eigen grunn verken når ein skal parkere eller når ein skal ut og inn av eigen garasje. At eigar av bnr 97 i tillegg har tatt seg til rette og etablert ekstra parkeringsplass ute i friområdet samt parkerar langs Risøyvegen underbyggjer dette.

	 <p>Parkeringsplass i Friområdet</p> <p>Bubil står ute i snuområdet Den stengjer for innkjøse i eigen garasje</p> <p>HYMER</p>
<p>Det er god plass både til bilar og til campingvogn</p>	<p>BNR 97 - Har ikkje plass til oppstilling. Kva med snuareal her?</p>

4 Forsvarleg avfallshandtering

I samband med bygging av garasje vart det lagt ut massar frå byggjegropa i skråninga nedanfor tomten. Dette er ikkje noko forurensing berre ein mindre terrengtilpassing som gjer området nedanfor betre tilgjengeleg for alle. I dag er området tilgrodd med krattskog og vert i prinsippet ikkje nytt av nokon med unntak av bnr 97 som nyttar området som lagringsplass.

5 Litt oversikt på kartet



6 Epost frå Reidar Krossøy av 2.4.2014

Denne eposten finn vi vanskeleg å kommentera. Det vert satt fram mange påstandar og hint om forhold som vi ikkje finn belegg for i det vi har sett så langt. Vi stiller også spørsmål ved at Krossøy tilnærmar spionerar på nabo og tar bilder.

Det vi ser av fakta er at Krossøy sjølv har bygd slik at det ikkje er mogeleg å snu på eigen tomt eller nytta eigen garasje utan at ein må ut i kjørevegen. I tillegg har ein ikkje parkeringsplass til egne bilar. På toppen av dette parkerar ein sjølv ute i fellesarealet og skaper farlege trafikksituasjonar. Det er noko om å feia for eiga dør..

6 Brev av 25.4.2014 frå Hjelp

5.1 Ulovleg tiltak

Dei same punkta er att opp i brev av 10.02.2014. Sjå våre merknader under desse.

5.2 Ulovleg næringsaktivitet

Dei same punkta er att opp i brev av 10.02.2014. Sjå våre merknader under desse.

5.3 Endring av bustad sin sokkeletasje

Det vert her vist til sjølve byggjøsøknaden som vert sendt inn.

5.4 Byggjeforbod i strandsona.

Heile tomta ligg nærmare enn 100 meter frå sjøen. Tomta ligg i eit regulert området og er regulert og godkjent til byggjeførmål i vedteke plan.

5.5 Avkjørsel på oppsida mot kommunal veg.

Avkjørsla har vore slik sidan eigar overtok eigendommen. Den vert lite eller ikkje brukt. Tiltakshavar vil av den grunn setja opp gjerde som hindrar bruk av denne avkjørsla.

OPPSUMMERING

- Tiltakshavar innrømmer at ein har ført opp garasje m/ terrasse utan at det er søkt om løyve. Det vert no jobba med å få orden i det formelle knytt til dette tiltaket.
- Tiltakshavar avviser:
 - at det vert drive næringsverksemd i garasje og at det er aktivitet utover det som er normalt å forventa.
 - at grunnen vert forurensa frå næringsverksemda
 - at ein ikkje kan snu på eigen grunn
 - at ein hindrar nabo i å nytte offentleg veg.
- Tiltakshavar vil sette opp gjerde som hindrar bruk av avkjørsel på oppsida av huset.

Vennlig hilsen

for

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen

Atle Utkilen